

**Arkiv:** <arkivID><jpID> FA-  
F47, TI-&85  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.01.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.02.2022
009/22	Alver kommunestyre	24.02.2022

### **Vertskommunesamarbeid barnevernsvakt. Godkjenning av avtale med Gulen kommune.**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune inngår vertskommunesamarbeid med Gulen kommune knytt til beredskap for barnevernsvakta. Alver kommune blir vertskommune for dette samarbeidet, i samsvar med utarbeidd samarbeidsavtale.

#### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:**

##### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

##### **OKK- 018/22 Vedtak:**

##### **Innstilling frå OKK - 08.02.2022:**

Alver kommune inngår vertskommunesamarbeid med Gulen kommune knytt til beredskap for barnevernsvakta. Alver kommune blir vertskommune for dette samarbeidet, i samsvar med utarbeidd samarbeidsavtale.

#### **Alver kommunestyre 24.02.2022:**

##### **Handsaming:**

Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samråystes vedteke.

##### **KO- 009/22 Vedtak:**

Alver kommune inngår vertskommunesamarbeid med Gulen kommune knytt til beredskap for barnevernsvakta. Alver kommune blir vertskommune for dette samarbeidet, i samsvar med utarbeidd samarbeidsavtale.

##### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

##### **Bakgrunn**

Alle barn, uavhengig av kvar dei bur i landet, har krav på bistand i akutte krisesituasjonar. Kommunane må ha tilstrekkeleg beredskap slik at dei er tilgjengeleg utanom kontortid. Kommunar som ikkje er tilknytt ei barnevernsvaktordning må ha andre formar for akuttberedskap.

Barnevernsvakta er barnevernet si akuttberedskap på kveldstid, i helgar og på helligdagar. Hovudoppgåva er å hjelpe barn og familiar i krise som treng hjelp raskt.

Barneverntenesta for Gulen og Masfjorden har dei to siste åra kjøpt barnevernvakt-teneste frå Alver kommune dei to siste somrane. Etter førespurnad frå Gulen kommune har Gulen og Alver kommunar utarbeidd ein avtale om vertskommunesamarbeid kring barnevernsvaktordninga. I praksis betyr det at Alver kommune ved Alver barnevernteneste ivaretak lovpålagt beredskap for Barneverntenesta i Gulen og Masfjorden etter arbeidstid kvardagar og fram til neste dag, gjeldande i tidsrommet etter kl. 16.00 – 08.00 samt døgnvakt i helgar og heilagdagar, i samsvar med innhaldet i samarbeidsavtalen.

Gulen kommune er vertskommune for barneversamarbeidet mellom Gulen og Masfjorden kommunar. Avtalen vert difor formelt inngått mellom Gulen og Alver kommunar.

Samarbeidet er heimla som eit Administrativt vertskommunesamarbeid, jf. Kommunelova § 20-2.

Avtalen trer i kraft så snart Alver kommune har vedtatt dette politisk.

Saka var til handsaming i kommunestyra i Gulen og Alver kommunar i desember 2021.

Kommunestyret i Gulen kommune fatta den 09.12.21 samråystes vedtak i sak 098/21: Vertskommunesamarbeid barnevernvakt. Godkjenning av avtale med Alver kommune.

Kommunestyret i Alver kommune hadde saka til handsaming den 16.12.21 og vedtok då å utsetje saka, og ba rådmannen kome tilbake med ei fyldigare saksutgreiing før kommunestyret tar stilling til saka, herunder òg ei vurdering av konsekvensar dette får for ressursar og kapasitet.

### **Saksutgreiing**

Tilsette i Alver barnevern er svært positive på at kommunen inngår ein avtale om vertskommunesamarbeid med Gulen kommune. Det å inngå i ei vaktordning for denne avtalen, er friviljug for dei tilsette. Det er venteliste med tilsette som ønskjer seg inn i ordninga. Dei tilsette i Alver barnevern vurderer dette arbeidet som ei spanande og svært motiverande arbeidsoppgåve.

Den samla belastninga for tilsette i Alver barnevern som deltek i ordninga, blir redusert ved at kommunen inngår denne ordninga. Dette fordi vaktlaget blir styrka med ein ekstra person, slik at dei tilsette skal ha vakt kvar 8. veke. I dag er det vakt kvar 7. veke. Dei tilsette behalde den same kompensasjonen for deltaking etter denne justeringa, som dei hadde tidlegare.

Utviding av vaktlaget frå sju til åtte personar er finansiert av den årelege summen Gulen kommune skal fakturerast for. For 2022 har Alver kommune berekna at kostnaden ved å utvide vaktlaget med ein person vil utgjere kr. 80.739. I tillegg kjem kostnader til administrasjon og samarbeid. Dette er i stor grad eit arbeid som tenesteleiar og avdelingsleiar samt merkantil ressurs er involvert i, og blir finansiert av den resterande summen av årskostnaden.

Pr. januar 2022 er det 54 tilsette i barnevernet i Alver kommune. Av dei er det 8 personar som er knytt til vaktordninga for beredskap barnevernvakt. Tenesteleiar vurderer kontinuerleg om dei tilsette knytt til ordninga har behov for avlastning eller permisjon frå denne oppgåva. Gruppa har så langt vore stabil frå etableringa i byrjinga av 2019.

I prosessen med å utarbeide framlegg til samarbeidsavtale, vart saka drøfta både med tillitsvald og verneombod på arbeidsplassen. Dei er positive til at Alver kommune inngår denne avtalen.

I utkast til avtale er det skissert at Gulen kommune skal betale ein årleg sum på kr. 150.000. I tillegg kjem kostnader for overtid. Ved telefonkontakt blir barneverntenesta i Gulen fakturert for overtid for sakshandsamar i høve til reell tidsbruk. Ved uthyrking blir Gulen kommune fakturert for overtid i høve til reell tidsbruk samt reiseutgifter for to personar. Årskostnaden skal justerast årleg.

Det er venta eit behov for uttrykking på inntil eit par gongar i året.

#### **Vurdering**

Ein avtale om vertskommunesamarbeid knytt til beredskap barnevernsvakt blir sett på som positivt frå barneverntenesta i Alver kommune si side. Dei opplever dette som ei interessant og givande oppgåve, som fleire ønskjer å delta i.

Ved at vaktlaget blir utvida med ein ekstra person, vil den totale belastninga for tilsette som deltek i ordninga bli redusert. Dette blir opplevd positivt frå dei tilsette si side, og ei utviding av vaktlaget kan også vere med på å styrke kompetanse og fleksibilitet i ordninga. Det er fleire personar å spele på, og ansvaret strekkjer seg over eit større geografisk område. Dette blir av dei tilsette opplevd som motiverande og spanande.

Alver kommune vil ikkje ha auka utgifter med å inngå denne avtalen, då den årlege summen Gulen kommune blir fakturerert for, vil dekkje dei samla konstnadene for Alver kommune.

Det er eit stort ønskje frå tilsette i Alver barnevern om at avtalen skal etablerast og det vil ikkje gå ut over den samla kapasitetet til barnevernet i Alver kommune. Det er i tillegg eit avgrensa tal tilsette som er involvert i denne oppgåva, og arbeidstida i ordninga er knytt til etter ordinær arbeidstid og i helgar, med vakt kvar 8. veke. Ingen blir pålagt å delta i ordninga, tilsette sjøkjer seg inn og det er venteliste for å vere med.

Etter ei samla vurdering er følgjande konklusjon lagt fram til politisk for vurdering:

Alver kommune inngår vertskommunesamarbeid med Gulen kommune knytt til beredskap for barnevernsvakta. Alver kommune blir vertskommune for dette samarbeidet, i samsvar med utarbeidd samarbeidsavtale.

#### **Vedlegg i saken:**

01.02.2022      Samarbeidsavtale mellom Alver og Masfjorden Gulen      1672954  
                    Akuttbereds... (003)